



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref:
18/798-15/ FA-K01 ODR

Dykkar ref.

Dato:
15.01.2019

Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vedtak om høyring av forskriftsframlegg.

Formannskapet- 005/19, har i møte 09.01.2019 fatta følgjande vedtak:

Stryn kommune gjer framlegg om forskriftstekst og tilhøyrande kart over løypetrasear for catskiing på Tystigbreen. Saka skal ligge til høyring i ein periode på 1 måned frå vedtaksdato.

Forskriftsteksten ligg på side 6, 7 og 8 i vedtaksbrevet.

Uttale til saka vert å sende Stryn kommune innan 15.02.2019.

Helsing

Odd Rønningen
miljøvernleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Protokoll frå sist møte i nemnda	1399728	14.01.2019
Forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vilkår- og konsekvensutgreiing.	1400362	14.01.2019
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet	1395169	14.01.2019
Referat frå møte 5.oktober 2018 om catskiing og alternative energiberarar på Stryn sommarskisenter.	1390422	14.01.2019
Forsøk med kommunale betebilløyper for catskiing - valg av kommunar	1379614	14.01.2019
Søknad om å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for	1379605	14.01.2019

Adresse
Tonningsgata 4, 6783 STRYN

Telefon
57 87 47 00

Org. nr
963 989 202

E-post
postmottak@stryn.kommune.no

Internett
www.stryn.kommune.no

Vedlegg:

catskiing.		
Nasjonalt villreinområde Ottadalen	1379607	14.01.2019
Politisk vedtak om deltaking i forsøk med beltebilløyper for catskiing.	1379610	14.01.2019
Notat om bakgrunn for søknad	1379611	14.01.2019
Strynefjellet sommerski as sin søknad om motorferdsel i utmark	1379612	14.01.2019
Kart over løypetrasear for catskiing på Tystigen.	1400504	14.01.2019
catskiing	1400507	14.01.2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/19	Formannskapet	09.01.2019

Forskrift om forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vedtak om høyring av forskriftsframlegg.

Bakgrunn for saka:

Stryn kommune er ein av 6 kommuner som vart med i ei forsøksordninga med catskiing som vart opna for i 2017. Forsøket skal pågå i 6 år fram til 2024. Vår kommune skal gjennomføre forsøket i Stryn Sommerski sitt alpinområde på Tystigen.

Kommunen har fått forskriftsmynde til å etablere kommunale løyper for catskiing. Løypene skal vera trasear for persontransport med tyngre trakkemaskiner på vinterføre, som utgangspunkt for alpin skikjøring. Catski-aktiviteten skal utførast med tyngre beltekjøretøy med egenvekt over 400 kg.

Heimelsgrunnlaget for prøveordninga med catskiing kom på plass i 2017, og ligg i motorferdsellova sine paragrafar §4a, tredje ledd og forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark, §4b. Det er kommunestyret som har mynde til å fastsetje beltebilløyper for catskiing.

Ved utarbeiding av forskrift for etablering av løyper for catskiing skal kommunen nytte vegledning utarbeidd for fastsetting av snøscooterløyper til fornøyelseskjøring.

Rådmannen legg saka fram for politisk handsaming med framlegg om forskriftstekst som skal gje heimel om oppstart av prøveprosjektet med catskiing.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (Lov-1977-06-10-82). Spesielt §4a, tredje ledd.
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag (For-1988-05-15-356). Spesielt §4b.

Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Rettleiing til fastsetting av snøskuterløyper i Miljøkommune.no, vegviser i kommunal miljøforvaltning.
- Regional plan for villrein. Ottadalsområdet. 2013-2025.
- Villrein, inngrep og forstyringar i Ottadalen villreinområde. Rapport 2/98. Fylkesmannen i

Vedlegg i saka:

Protokoll frå sist møte i nemnda	1399728
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet	1395169
Forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vilkår- og konsekvensutgreiing.	1400362
Referat frå møte 5.oktober 2018 om catskiing og alternative energiberarar på Stryn sommarskiserter.	1390422
Forsøk med kommunale betebilløyper for catskiing - valg av kommunar	1379614
Søknad om å delta i forsøk med kommunale beltebilløyper for catskiing.	1379605
Nasjonalt villreinområde Ottadalen	1379607
Politisk vedtak om deltaking i forsøk med beltebilløyper for catskiing.	1379610
Notat om bakgrunn for søknad	1379611
Strynefjellet sommerski as sin søknad om motorferdsel i utmark	1379612
Kart over løypetrasear for catskiing på Tystigen.	1400504
catskiing	1400507

Saksopplysningar:

Rådmannen har utarbeidd eit notat med tittelen «Forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vilkår og konsekvensutgreiing». Notatet ligg som vedlegg til saksutgreiinga og gjev viktig utfyllande informasjon om saka (vedlegg 1400362).

Notatet inneheld:

- * Bakgrunnsinformasjon.
- * Heimelsgrunnlag.
- * Konsekvensutgreiing.
- * Vurdering av trakkemaskinlypene etter dei miljørettslege prinsipp.
- * Kart over omsøkte løyper for catskiing, område avsatt til føremål idrett i framlegg til kommunedelplan for Oppstryn (under utarbeiding), avgrensing av område for konsekvensutgreiing og kartlagte friluftslivområde.
- * Framlegg til forskriftstekst

Notatet er tilpassa mal for fastsetting av snøskuterløyper for fornøyelseskøyering, jamfør lova sin §4a og forskrifta sin §4b.

Det er gjennomført to synfaringar i området på Tystigen i regi av kommunen. Den fyrste saman med drivarane på Tystigen for å vurdere trasear for catskiing, og den andre, referert i vedlegg 1390422, som hadde som mål å informere statlege og fylkeskommunale representantar om planane.

Vi har motteke to uttaler tidleg i arbeidsprosessen, frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i oversending 25.10.2018 (vedlegg 1395169) og frå Villreinnemnda for Breheimen-Reinheimen villreinområde i oversending 03.12.18 (vedlegg 1399728).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav denne uttalen:

«Jostedalsbreen nasjonalparkstyre finn det lite sannsynleg at forsøksordninga med catskiing rundt

Stryn sommarskisenter i åra 2019-2024 vil føre til vesentleg auka ferdsle inn i Jostedalsbreen nasjonalpark». Dette vert grunngeve med at i sesongen for catskiing i området vil det vera lite snø og dermed ta mykje tid å gå ned alternative ruter til fots i staden for å køyre på ski i anlegget på

Tystigen. Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark meiner likevel at Breheimen nasjonalpark kan verte meir påverka av aktivitet med catskiing på Tystigen. Nasjonalparkstyret ber

om å kunne få gje ny uttale ved eventuell søknad om utviding av prøveordninga med catskiing.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen villreinområde har også gjeve uttale til prøveordning med catskiing på Tystigen. Villreinnemnda, som er ei statleg nemnd med representantar frå kvar kommune i villreinområdet, uttalar: «Ein må stille krav om at deltakarar køyrer ned att på nordsida og ikkje køyrer sørover mot Måradalen, Raudalen eller Sunndalen. Sjølv om det er lite truleg at skikøyrarar vil køyre ut den vegen fordi det blir lange etappar utan snø, er det viktig at det går fram i eit eventuelt løyve. Det bør ikkje bli enklare å ta seg inn i dei villreinområda som i dag har relativt lite ferdsel. Beltebilløypene bør ikkje gå heilt opp på toppane. Da vil skikøyrarar i større grad vera avhengige av utstyr (feller) for å kome over på sørsida av Tystigbreen».

Vurdering:

Førebuing av saka om forskrift for prøveordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune har følgd malen for tilsvarande forskrift for fastsetting av snøskuterløyper for «fornøyelseskøyring», utarbeidd av Miljødirektoratet og presentert på Miljøkommune.no. *Vedlagt notat «Forsøksordning med catskiing på Tystigen i Stryn kommune. Vilkår- og konsekvensutgreiing» nr 1400362 gjev tilsvar til denne malen. Kartet over løypene ligg i vedlegg 1400504.*

Det vi har på plass er:

- *Forskriftsheimel er motteke i brev av 07.05.2018 frå Miljødirektoratet (vedlegg 1379614).*
- *Catskiingløypene er plassert utanfor verneområde, og forskriftsteksten vil beskytte verneområde mot auka bruk.*
- *Løypene er plassert i nasjonalt villreinområde, men i regional plan for villrein er planområdet plassert i sone F. «Utviklingsområde sommarskianlegg». Forskriftsteksten støttar opp om omsynet til villreinen.*
- *Kommunen har gjennomført kartlegging av friluftslivområde. Vi har kartlagt eitt utfartsområde i nedre del av alpinanlegget og eit turområde på Tystigbreen. Begge områda har fått A-verdi (svært viktige områda) Friluftslivaktiviteten i dette breområdet er nesten i sin heilskap knytt til aktivitet på sommarskisenteret, med skikøyring i organiserte former ei kort periode i mai. Trakkemaskinene som skal nyttast til catskiing vert i dag nytta til preparering av løyper på breplatået i det som er avsatt i arealdelen som område for «idrett».*
- *Trakkemaskinløypene vil ikkje krevje terrenginngrep eller nokon form for bygningar.*
- *Konsekvensutgreiing er gjort i notatet vedlagt saka (vedlegg 1400362). Vi har vurdert konsekvensane i høve naturmangfold og viltinteresser som middels negative. Dette er*

grunngeve i høve til nærleik til verna område og tilhøvet til villrein. For andre miljøverninteresser er konsekvensane vurdert som små (eller ingen). I høve «andre samfunnsinteresser» er konsekvensane vurdert som «store positive».

- *Vi har gjort vurdering av trakkemaskinløypene etter dei miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova (§§8-12). Villreininteressene er miljømessig den kanskje viktigaste største interessa i området sidan det gjeld eit nasjonalt villreinområde. Her er kunnskapsgrunnlaget for vurderinga god. For fleire interesser er kunnskapsgrunnlaget berre på eit middels nivå for kommunen, men kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg høve til saken sin karakter. Og her dreier det seg om aktivitet på snø eller is i trelaust høg fjell. Ferdsele er ikkje lydlaus, men sporlaus.*

Der vi har manglar:

- *Grunneigargodkjenning: Vi har grunneigargodkjenning frå Stryn Fjellstyre for nesten alle løypeområda, men manglar avtale med Statskog for dei nederste 100 metrane av løype nr 1, der Statskog er grunneigar. Statskog har gjeve fleirårig løyve til den aktiviteten som er i området i dag og har i e-post gjeve til kjenne at dei også vil kunne gje løyve til catskiing i ein prøveperiode.*
- *Plangrunnlag: Catskiing-forsøket er samkøyrd med planprosessen med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplan for Oppstryn kjem på høyring januar 2019 og løypene er lagt inn i denne arealdelen som vist i vedlegg 1400504 og kartvedlegg til notatet 1400362. Vi forventar vedtak på arealdelen om lag til same tid som endeleg vedtak på catskiing-forsøket.*

Dei to skriflege uttalene vi har fått, og referert i saksopplysningane vil vi ivareta både gjennom å avslutte trakkemaskinløypa til Kvitenova eit stykke under toppen, samstundes som vi vil stille krav i forskriftsteksten til merking, og muntleg informasjon om lovleg nedkøyringstrase for catski-aktørar. I tillegg vil vi legge inn i forskriftsteksten eit krav om å stoppe catskiing-aktivitet dersom villrein skulle kome inn i brebassentet på Tystigen.

Rådmannen tilrår at kommunen sender følgjande forskriftstekst på høyring:

«

Forskrift om kommunale løyper for catskiing på Tystigbreen i Stryn kommune

Fastsetting av trase, og reglar for bruk av trase, for persontransport med tyngre trakkemaskiner som utgangspunkt for alpin skikøyring (catskiing) på Tystigen 2019-2024.

Heimelsrunnlaget for løypene ligg i forskriftsmynde som Miljødirektoratet har gjeve Stryn kommune i medhald av ny §4a, tredje ledd, i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og §4b i forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

§ 1. Tidsavgrensing av prøveordning for catskiing

Løypene kan nyttast med godkjente motoriserte kjøretøy i ei prøveperiode på 5 år frå 1.mai 2019 til og med 1.oktober 2024.

Lovleg sesong for motorisert bruk av løypene er frå **1.mai** til og med **1.oktober** kvart år. Løypene kan køyrast mellom **kl 0900 og kl 2300**.

§2. Krav til trakkemaskinløypene

Trakkemaskinløypene er vist på kartet «Catskiing Tystigbreen 2019-2024 Løypetraseer 19.11.2018».

2.1 Løyper som kan nyttast.

Løypene går i to samanhengande avsatsar i terrenget:

- Løype 1 gjev transport frå toppen av stolheisen til toppen av nedlagt tautrekk, ca på høgdekote 1560. Løype 1 har tre alternative trasear fyrste strekket (1a, 1b, og 1c). Løype 1d og 1e er alternative trasear opp til brekanten. Løypealternativa er etablert på grunn fare for avsmelting tidleg i sesongen. Berre ei av løypealternativa på kvar strekning vil vera i bruk om gongen, avhengig av kven av traseane som har snødekke.
- Løype 2 og 3 går over neste avsats i terrenget, som omfattar Tystigbreen opp til ein av toppane Kvitlenova eller namnlaus topp 1805 m.o.h. Både løype 2 til Kvitlenova og løype 3 til namnlaus topp 1805 har to alternative trasear opp mot toppane (2a og 2b og 3a og 3b) av omsyn til fare for avsmelting ut i sesongen.

2.2 Krav til snøunderlag og stengingsrutiner.

Løypene skal gå på normalt snø- eller isdekt mark. Dersom traseen for trakkemaskinløypene vert avsmelta før sesongslutt, skal transport med motorkjøretøy straks opphøre nedanfor det partiet som er snøbart.

Det same gjeld dersom nedkøyringsbakken vert avsmelta slik at det oppstår snøbare felt eller kjem fram farlege sprekkar i isen; Transport høgare opp i terrenget enn der avsmeltinga har blottlagt steinur, bart fjell eller bresprekkar er ikkje tillatt.

Omlegging av løypetraseen med meir enn 20 meter på grunn av vanskelege snø- og isforhold i horisontalplanet kan berre skje etter endring av forskrift.

2.3 Merking av løype og nedkøyringssektor.

Trakkemaskinløypene skal merkast med stikker i materialer av tre før løypene vert tekne i bruk 1.mai, og merkestikkene skal fjernast når sesongen for catskiing er over og seinast 15.oktober.

Nedkøyringssone- og retning frå toppunkt av løypa til Kvitlenova og namnlaus topp 1805 skal merkast med godt synleg markør beståande av snor, forankra i is/snøflate. Nedkøyringssektoren frå Kvitlenova skal vera i ein sektor mellom mellom Namnlaus topp 1805 i sørvest og fylkesgrensa i nord.

§3. Reglar for bruk av trakkemaskinløypene.

3.1 Vektbegrensning.

Trakkemaskinløypene kan berre nyttast til personfrakt med trakkemaskiner, med vekt over 400 kg.

3.2 Hastigheit.

Maksimal lovleg hastigheit ved bruk av beltekjøretøy i løypene er 25 km/h.

3.2 Trasefråvik.

Ved bruk av trakkemaskinløypene med motorisert kjørety kan traseen berre fråvikast med opp til 10 meter i sidebreidde under transport og nedkøyring.

3.3 Spesielle omsyn.

Dersom det vert observert villrein på breplatået Tystigbreen innafor område som i kommuneplanen er avsatt til idrettsfremål skal persontransport langs beltebilløypene straks opphøre, og kan ikkje setjast i gang igjen før reinen på eigen vilje er ute av området. Sjå kart «Catskiing Tystigbreen 2019-2024 Løypetraseer 19.11.2018».

Vekkjaging av rein vert å sjå på som brot på forskrifta.

§4. Informasjonsplikt

Den som driv persontransport for catskiing i Stryn Sommarskisenter sitt anlegg står ansvarleg for å informere alle brukarar av tenesta om dette:

- Lovleg nedkøyringssektor.
- Spesielt farefulle område å ferdast i.
- Forbod mot forsøpling i utmark.

Informasjonen skal gjevast muntleg og gjennom merking i terrenget (jfr. §2, 3.ledd). »

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune gjer framlegg om forskriftstekst og tilhøyrande kart over løypetrasear for catskiing på Tystigbreen. Saka skal ligge til høyring i ein periode på 1 måned frå vedtaksdato.

Formannskapet 09.01.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

FO- 005/19 Vedtak:

Stryn kommune gjer framlegg om forskriftstekst og tilhøyrande kart over løypetrasear for catskiing på Tystigbreen. Saka skal ligge til høyring i ein periode på 1 måned frå vedtaksdato.

